

**F**ITJAR var fram til 1867 heimehøyrande i Våg skippreide, bortsett frå øyane lengst vest, som var med i Føyen skippreide. Frå den tid har grensene for tinglaget og lensmannsdistriktet vore identiske med grensene for kommunen og prestegjeldet. I 1964 vart gardane på sørsida av Selbjørnen lagde til Austevoll, og frå 1995 har dei nordvestlege øyane høyrte til Bømlo kommune. □




### ⚔ FITJAR

Fitjar er ei fleirtalsform av fit «fuktig, lågtliggjande eng» (D22). Rimbareid er ei samansetjing av rimb «låg, avrunda jord- eller grusrugg» og eid. Namneleddet Ar- i Årskog kjem ikkje av å «elv», men av or, gno. qlr, alri «orekratt». Færøy- i Færøysund kjem av gno. fær «sau» og er såleis i slekt med Færøyanane. For Engesund, av eng, skulle vi ha venta Engja-, men alt på 1800-talet er namnet notert i den skriftpåverka uttalen Enge-. Slåtterøy er mest kjent som fymann i dag, men førsteleddet viser at det var slåttemarka der som har gjeve opphav til namnet.

### VÅG SKIPREIDE

Våg skippreide omfatta fire sokner: Tysnes, Fitjar, Møkster og Austevoll; ei administrativ inndeling som går attende til mellomalderen. Opphavet til namnet på Våg skippreide er usikkert. Våge på Tysnes er nemnd som tingstad i 1590, men også sju vågar i Fitjar ligg sentralt i området: Levåg, Sandvikvåg, Tveitevågen, Stokkavågen, Nesevågen, Øyjordsvågen og Gloppevågen. I ein av desse vågane låg leidangsskipet. I Tveitevågen er det registrert tufter etter eit langskipsnaust. Grannegarden Levåg, som ei tid var lensmannsgard, var tingstad i eldre tid. Før 1660 hadde almannatinget eit preg av folkestyre. Ved innføringa av eineveldet vart dette til eit lokalstyre underlagt futar og andre embetsmenn. Bondelensmannen vart embetsstyret sin forlenga arm i lokalsamfunnet. Det var eit slikt lokalstyre som møttest for siste gong i Engesund i 1837. Etter dei nye formannsskapslovene omfatta den nye kommunen soknene Stord, Fitjar og Valestrand. Frå 1862 vart Fitjar prestegjeld skilt ut som eigen kommune, og kommunestyremøta vart i byrjinga haldne på handelsstaden i Færøysund.



**PÅ BLÅ BOTN  
EIN GULLHJELM**  
Kommunemerket for Fitjar er ikkje godkjent etter heraldiske reglar. Merket er teikna av Magnus Hardeland i slutten av 1940-åra og vart teke i bruk av kommunen noko seinare. Motivet er ein gull vikinghjelm på blå grunn, og gullfargen er vald avdi Håkon den gode bar ein forgyldt hjelm i slaget på Fitjar i 961. Snorre fortel at kongen var lett å kjenna; han var større enn andre og det lyste av hjelmen som sola skein på.

Timet på Fitjargarden, teikna av Johannes Flintoe tidleg på 1800-talet. Her låg truleg Kongsgarden, på bøane ned mot Fitjarvika, der dagens sentrum ligg.

